

Sender ungdom ut i den store verda

SOGNDAL: Frivilligsentralen i Sogndal har kapasitet til å senda ut mange ungdommar til ulike prosjekt i Europa. Men pågangen er overraskande liten.

– Eg trur tilbodet er lite kjent, seier leiar ved Frivilligsentralen i Sogndal, Anne Lise Breidvik.

Organisasjonen er ein del av Aktiv Ungdom-programmet i EU og EØS-området, og EU løyver gjennom Barne- og ungdomsdepartementet (Bufdir) store pengesummar til prosjektet.

– Bufdir har enno ikkje avselege søknader på grunn av pengemangel, seier Breidvik.

Ikkje-kommersiell

Ho trur det kan skuldast at det ikkje ligg tung marknadsføring bak. Programmet er ikkje-kommersiell, og det går ut på såkalla ikkje-formell læring – det vil seia at det ikkje er knytt til utdanningsverket.

Programmet går ut på å utveksla ungdommar i Europa til ulike organisasjonar. Lengda på engasjementa kan variera, og arbeidet er også svært ulikt. Ungdommane kan jobba med prosjekt som involverer barn, eldre, kultur, idrett, media, kunst eller miljø.

Det kan vera i skular, barnehagar, eller på frivilligsentralar som i Sogndal. Felles for alle program er at ein skal læra seg eller forbetra seg i eit språk. I motsetnad til ein del anna frivilligheitsarbeid i utlandet, kostar det ikkje mykje å delta. Reise, opphald og kost og losji blir dekt. I tillegg får ungdommane litt lompengar, men øvrige utgifter til privat forbruk må ein dekkja sjølv.

18 til 30 år

– Ein ser ikkje karakterane. Det som er viktig er at ein er aktiv, motivert, fleksibel, interessert i å læra språk og at ein er open for nye ting, seier Breidvik.

Tidlegare heitte programmet Ung i Europa og det starta i 2000. No går EU på med sju nye år, har endra namnet til Aktiv Ungdom, og utvida aldersgrensa.

No kan ungdommar mellom 18 og 30 år søkja om å få vera med. Det er fleire søknadsfristar i året, og det kan vera noko ventetid. Breidvik rår ungdommane til å setja seg inn i kva dei vil og vera budde på å bruka tid på førebuingane.

Breidvik og tenesteleiaren for kultur i Sogndal kommune, Anke Zondag, er ikkje i tvil om at slike prosjekt kan verta svært nyttige.

– Det er greitt å ha med i CV-en. Det viser sjølvstende, pågangsmot og fleksibilitet, seier Zondag.

Plass til fleire

Kommunen fungerer først og fremst til ein tilretteleggjar, medan det er Frivilligsentralen som gjer det meste av det praktiske arbeidet. Akkurat no har dei to volontørar i Sogndal. Som sendarorganisasjon har Frivilligsentralen plass til fleire, og kan senda ut ungdommar frå heile landet.

– Eg har valt å følgja skuleåret, men dei ulike prosjekta kan variera frå to til 12 månader, seier Breidvik.

Å utvida horisonten er ikkje å forakta, og Zondag og Breidvik trur ungdom deg lærdom av å sjå andre kulturar og læra andre språk.

– Det aukar medvitnet om at ein er ein del av ei global verd, seier Zondag.

Keth Øren
keth.oren@sognavis.no

TEK I MOT: Frivilligsentralen og Sogndal kommune kan senda ut mange ungdommar til ulike prosjekt i Europa. Frå venstre: Anke Zondag, tenesteleiar i Sogndal kommune og Anne Lise Breidvik, leiar på Frivilligsentralen.



Europeisk ungdomsveke
Europeisk ungdomsveke (European Youth Week) blir markert 3.–10. juni.

Veka blir markert i heile Europa, og er knytt til Aktiv Ungdom-programmet - eit program for utveksling av ungdom til frivillig arbeid. Desse frivillige blir kalla volontørar.

Aktiv Ungdom heitte tidlegare Ung i Europa. Programmet blir finansiert av midlar frå EU, og starta i 2000. No skal programmet gå i sju nye år.

Målgruppa er ungdom i alderen 18 til 30 år.

Offentlege instansar og ikkje-kommersielle organisasjonar sender ut og tek i mot ungdom som arbeider frivillig.

Fleire stader i landet blir veka markert med konsertar, stands og seminar.

Sogndal har både teke i mot og sendt ut fleire volontørar.